



Årsmelding 2010

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Innhold

Endring, omstilling og bos i ball	3
SIM fram til i dag	4
Føremålet med selskapet	5
Organisering	6
Styret.....	7
Tilsette.....	8
Dotterselskap og andre eigarinteresser....	9
Styret si årsmelding	10
Driftsmessige tilhøve	12
Avfallsmengder.....	14
Attvinnning	16
Renovasjonsgebyr	18
SIM Næring AS.....	20
SIM Transport AS	22
SIM Tankrenovasjon AS.....	23
Resultatrekneskap	24
Balanse	25
Kontantstraumoppstilling	27
Konsernrekneskap	28
Konsernbalanse	29
Kontantstraumoppstilling	31
Notar	32
Revisjonsmelding	39
Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn.....	40

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS



Svartasmøget
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60
E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as
Føretaksnr.: NO 958 284 837 MVA

Eigarkommunar:

Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad,
Stord, Sveio og Tysnes.

Innbyggjarar:

Abonnentar: Hus: 23 700 / Hytter: 6 990

Abonnentar som heimekomposterer: 3 922

Avfall per innbyggjar i 2010: 425 kg

Kundar med slamavskiljar: 12 232

I redaksjonen: Torleiv Agdestein

Bilete: Torleiv Agdestein

Grafisk produksjon: Prosjektkopi Vest AS

Trykk: Vektor Prospekt AS

Opplag: 400

Trykt på resirkulert papir:

Cyclus 115 g, 200 g på omslaget

Framsida biletet: Lastebåten
"Ingvild" frakta i oktober 4 400 ballar
med restavfall frå Fitjar til energi-
gjenvinning i Sverige.

Endring, omstilling og bos i ball

Endring og omstilling har vore gjenomgangsmelodien i renovasjonsbransjen sidan årtusenskiftet. For SIM sin del var 2010 det travlaste omstillingsåret til no.

Størst utfordring medførte deponiforboden, som for vår del kom i kraft 19. april 2010. Sidan då skulle alt brennbart restavfall sendast til energigjenvinning. Dette galldt 80 % av mengdene som tidlegare hadde gått til deponiet i Svartemoget.

Overgangen var ikkje problemfri. SIM fekk kort tid på å omstilla seg, og det var nærmest umogeleg å oppdriva transportmiddel til å frakta avfallet bort med. Boset hauga seg opp. Løysinga vart å emballera avfallet i påvente av borttransport. Bos i ball opna for nye transportløysingar, og 2. oktober la lastebåten "Ingvild" frå kai i Fitjar med 4 400 ballar restavfall om bord. SIM-boset enda opp som fjernvarme i Linköping i Sverige.

Båtløysinga frigjorde plass i Svartemoget, men ikkje lenge. Restavfallet "balla på seg" på nytt. Først ved utgangen av året betra situasjonen seg. Sidan då har alt nytt restavfall blitt køyrt til forbrenning i Bergen, og restlageret av ballar minkar frå dag til dag.

Prøveprosjektet på innsamling av plastemballasje i Fitjar kommune er spennande. Målet er å finna ut om abonnentane ynskjer plastsortering, og om dei er viljuge til å betala meirkostnaden med å få plasten henta heime hos seg. Vil dei det, kan plastinnsamling bli eit permanent tilbod i alle SIM-kommunane.

Førebelts kan det sjå ut som om få ynskjer tilboden. Då abonnentane etter eit halvt år måtte betala gebyr for å få plasten henta, ville berre 8 % vera med. SIM har også vanskar med å finna ut kor stor del av plasten som faktisk vert til nye produkt. For å få betre vurderingsgrunnlag, har selskapet valt å halda fram prøveprosjektet i 2011.

Representantskapet tinga i 2009 ei utgreiing av SIM si organisering og framtidige oppgåver. Styret konkluderte til neste representantskapsmøte med at selskapet er organisert på beste måte i høve til føremålet. Representantskapsmøtet i 2010 vedtok å senda styret si utgreiing på høyring hos dei folkevalde. Tilbakemeldinga derifrå var at ein må sjå på korleis eigarkommunane kan bruka av SIM sin eigenkapital og korleis politikarane kan få sterkare styring med SIM-selskapa. Dermed må jobben gjerast på nytt.

Avfallsmengdene har gått opp, men ikkje mykje. SIM henta mindre på hushaldsrutene enn året før, men fekk inn meir på miljøsentralane. Det kan tyda på at forbruket har gått ned, men at miljøsentralane er betre kjent og meir brukt. Arbeidet med å utvikla miljøsentralane held fram.

Dei største byggeprosjekta i selskapet er miljøsentralen og omlasteanlegget på Heiane i Stord. Miljøsentralen skal stå ferdig i slutten av 2011, medan omlasteanlegget skal takast i bruk i august 2011. Heiane vil då bli knutepunkt i selskapet, medan aktiviteten i Svartemoget vil gå ned.



Terje Gilje, dagleg leiar

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Terje Gilje".

Økonomisk gjekk det, før avsetjingar, godt for SIM også i 2010, sjølv om både den kommunale renovasjonsordninga og slamtømme-aktivitetane gjekk med underskot. Dette vart kompensert med bruk av fondsmidlar.

Ryddedugnaden som er finansiert gjennom SIM sitt miljøfond, vart ikkje marknadsført i same grad i 2010 som åra før. Likevel fekk me tips om eit 50-tals forsøpla område. Mange av dei er rydda. Det gler oss at folk engasjerer seg for eit reinare og ryddigare nærmiljø. Gjennom skuleprosjektet hadde me 986 elevar og lærarar innom porten, det meste sidan oppstarten av prosjektet i 2003.

SIM har god økonomi og kompetente medarbeidarar. Selskapet er godt rusta til å ivareta sine plikter i samband med avslutting og etterdrift av deponiet, og andre utfordringar. Ved å tilby gode og kostnadseffektive renovasjonsløysingar, skal selskapet også i framtida vera ein av berebjelkane i lokalsamfunnet.

Takk til samarbeidspartnarar, medlemskommunar, kundar og tilsette for godt samarbeid i 2010.


SIM fram til i dag

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) er ei moderne avfalls- og attvinningsverksemd. Selskapet vart stifta i mai 1990 og er eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Hovudanlegget ligg i Svartasmoget i Fitjar kommune.

SIM har ansvar for innsamling av alt hushaldsavfall og slam frå dei 57 971 innbyggjarane og 15 – 20 000 hyttebrukskarane i medlemskommunane. I alle kommunane er det kjelde-sortering med dunkar for høvesvis bio-, papir- og restavfall.

Innbyggjarane i medlemskommunane kan gjera seg nytte av SIM sine miljøsentralar og returpunkt for glas- og metallemballasje. Hushalda kan sortera ut farleg avfall, EE-avfall, kuldemøblar, trevirke, metall, plast-emballasje, hageavfall og meir. Dette avfallet må abonnentane sjølve levera til miljøsentralane.

I Svartasmoget er det administrasjonsbygg, deponi, miljøsentral og hall og utstyr for kompostering av



våtorganisk avfall, i tillegg til anlegg for mottak og handsaming av avløpsslam. SIM legg vekt på førebyggjande tiltak for å redusera miljøforureining av luft, vatn og nærområde. Selskapet arbeider for å oppfylla miljøkrav og å utnytta ressursane i avfallet.

I 1997 skipa SIM det heileigde dotter-selskapet SIM Næring AS. Dette selskapet skal ta seg av avfall frå industri og næringsliv og andre oppgåver som er konkurranseutsette.

SIM Næring AS skilde i 2001 ut transportdelen av drifta i eit eige selskap, SIM Transport AS. Dette selskapet har ein stor del av transportverksemda si på Haugalandet, særleg Karmøy. Målet er å bli dyktig på avfallstransport og å reindyrka denne aktiviteten.

SIM Næring AS kjøpte i juni 2007 Opdal Tankrenovasjon AS i lag med investeringsselskapet Enviro Invest AS. SIM Næring AS eig 64 % i selskapet, som ved overtakinga fekk namnet SIM Tankrenovasjon AS. SIM Tank held til på Frakkagjerd i Nord-Rogaland og tilbyr suge- og spyletenester, rørinspeksjon, røyrfornying, slamtømming og innsamling av farleg avfall.



Dunkbytar Eivind Hystad (t.h.) måtte ha hjelp då snøen låg som djupast. Her er det skuleelev Håvard Tverborgvik som trør til.



Arbeidet med omlasteanlegget og miljøsentralen på Heiane på Stord kom i gang i 2010. Her ser ein rammeverket til oppstillingsplassane for konteinrarar på miljøsentralen.

Føremålet med selskapet

I paragrafane 4 og 5 i vedtekten heiter det at føremålet med selskapet er:

1. Innsamling og transport av alle avfallstypar etter nærmere avtale med kommunane.
2. Bygging og drift av behandlingsanlegg for avfall.
3. Selskapet skal byggja og driva innsamlingssystem, mottak, gjenvinningsanlegg, mellomlagring og vidare-sending av spesialavfall og avfall som kan gjenvinnast, resirkulerast eller må sendast til destruksjon eller attvining.
4. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg drift av alle ledd i avfallsbehandlinga. Selskapet skal vidare, i nært samarbeid med kommunane, informera publikum og næringsdrivande om drifta i selskapet. I informasjonsarbeidet skal det leggjast vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege avfallsbehandlingsmetodar.
5. Selskapet skal, der dette er naturleg, søkja å etablera samarbeid med andre kommunar, regionar og selskap med tanke på å få til rasjonelle og miljørette løysingar, t.d. når det gjeld attvining.
6. Selskapet har ikkje erverv til føremål.

Organisering

Representantskapet er det øvste organet i SIM. Eigarkommunane vel medlemer til representantskapet, og representantskapet vel styret. Dagleg leiar, administrasjonen og driftspersonellet står for den daglege drifta.

SIM Nærings AS er eit heileigd datterselskap til SIM, medan SIM Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS er datterselskap til SIM Nærings AS. Alle desse selskapa har eiga generalforsamling, eige styre og eigen dagleg leiar.

Representantskap

Folketalet avgjør kor mange medlemer kvar eigarkommune har i representantskapet. Kommunestyra vel medlemer og personlege varamedlemer til representantskapet for fire år om gongen, i samsvar med den kommunale valbolken. Dei 23 medlemene er fordelt slik: Austevoll 2, Bømlo 4, Fitjar 2, Kvinnherad 5, Stord 6, Sveio 2 og Tysnes 2.


Representantskapet hadde eitt møte i 2010 (30. april) og handsama 13 saker.

Styre

Det er éin styremedlem per medlemskommune, med personleg varamedlem. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og slik at halvparten står på val kvart år. I tillegg er det éin representant frå dei tilsette i styret. Representantskapet vel styremedlemene etter forslag frå valnemnda.


Styret hadde åtte møte i 2010 og handsama 52 saker.

Organisasjonskart



Sjå sidene 20-23 for informasjon om SIM Nærings AS, SIM Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS.

Representantskap, styre og administrasjon



Styret i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS

Austevoll

Renate M. Klepsvik

(frå 30. april)

Olav P. Årland

(leiar til 30. april)

Varamedlem:

Helge Otterå

(frå 30. april)

Anne Mari Otterå Halstensen

(til 30. april)



Bømlø

Anne T. Johannessen

Varamedlem:

Dag Helge Hellen



Fitjar

Rune Sandvik

Varamedlem:

Helga Auestad



Kvinnherad

Øyvind Hardeland

Varamedlem:

Øystein Herskedal



Stord

Reidunn Aa. Hatlevik

(leiar frå 30. april)

Varamedlem:

Jan Kåre Pedersen

(frå 30. april)

Oskar Emil Langeland

(til 30. april)



Sveio

Svein Nesse

Varamedlem:

Sigrid Hovda



Tysnes

Grethe Barmen

Varamedlem:

Torstein Hatlevik



SIM

Kjell Egil Hollund

(fagkunnig, utan stemmerett)

Varamedlem:

Arild Vik





Reidunn Aasheim Hatlevik vart valt til styreleiar i SIM 30. april 2010. Ho tok over etter Olav P. Årland.

Faste stillingar i SIM i 2010:

Dagleg leiar:

Terje Gilje

Driftsleiar innsamling og kommunal drift:

Kjell Egil Hollund

Driftsleiar slutthandsaming av avfall:

Jens Bakke

Personal og økonomi:

Trude Vedå

Kundehandsamarar:

Trine Tverborgvik og Sissel Lønning

Informasjonsmedarbeidar:

Torleiv Agdestein

Rådgjevar:

Arild Vik

Operator deponi:

Kristoffer Vik

Operator kompost:

Einar Breivik

Kundehandsamar miljøsentral Svartasmøget:


Olaf Skram og Helge Sæterbø

Kundehandsamar miljøsentral Kvinnherad:

Ove Tungesvik og Thomas Fjelland Eide (frå 1. mars)

Kundehandsamar miljøsentral Austevoll:

Kjell Frode Hole (30 % stilling)



Dotterselskap og andre eigarinteresser



**SIM
Næring AS**

SIM Næring AS er eit heileigd dotterselskap av SIM.

Selskapet tek hand om næringsavfall og farleg avfall frå næringslivet i Sunnhordland og på Haualandet. Målsetjinga til selskapet er å gje kundane tilbod om ei heiskapleg og god avfallshandtering.

Kontor og sorteringsanlegg ligg i Eldøyane næringspark på Eldøyane i Stord kommune. 31.12.10 hadde selskapet 19 fast tilsette.

Omsetninga i 2010 var 66 millionar kroner.

Overskotet før skatt var 3,44 millionar kroner.



**SIM
Transport AS**

SIM Transport AS er eit heileigd dotterselskap av SIM Næring AS. Selskapet tek på seg ulike typar transportoppdrag; flest i Sunnhordland og på Haualandet, men òg andre stader i landet.

SIM Transport AS har kontorfellesskap med SIM Næring AS på Eldøyane, og hadde 31.12.10 39 fast tilsette. Omsetninga i 2010 var på 51,1 millionar kroner. Overskotet etter skatt var på 181 000 kroner.



**SIM
Tankrenovasjon AS**

SIM Næring AS eig 64 % i SIM Tankrenovasjon AS. Investeringsselskapet Enviro Invest AS eig resten. SIM Tankrenovasjon AS held til på Frakkajerd i Nord-Rogaland og tilbyr slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletenester. 31.12.10 hadde selskapet 16 fast tilsette. Omsetninga i 2010 var på 29,3 millionar kroner. Overskotet før skatt var på 2,1 millionar kroner.



SIM Næring AS eig 260 av 11 946 aksjar (2,18 %) i Retura, som er eit administrativt selskap eigd av ulike avfallsselskap kringom i landet. Retura sel avfallstenester til kundar i store delar av landet. Det utførande ledet er eigarselskapa.

Omsetninga til Retura i 2010 var 89,25 millionar kroner.



SØRVEST VARME

SLab er eit laboratorium for akvakultur, vatn og mat og vart stifta januar 2004 (tidlegare laboratoriet til Næringsmiddeltilsynet).

SIM eig 100 av i alt 1 345 aksjar, ein eigardel på 7,4 %.

Sørvest Varme AS vart skipa i desember 2003 og er eigd av Haugaland Kraft AS, Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS, Karmøy kommune, Haugesund kommune og SIM. SIM eig 764 av 2 000 aksjar, ein eigardel på 38,2 %.

Sørvest Varme AS har som mål å greia ut om det er føremåls-tenleg å byggja forbrenningsanlegg i regionen. Det var lite aktivitet i selskapet i 2010.



Rekom AS er eit aksjeselskap som er eigd av 58 kommunar og interkommunale renovasjonsselskap. Desse selskapa har ansvar for hushaldsrenovasjonen til over halvparten av norske hushald. SIM eig 200 av 4 699 aksjar i Rekom AS, ein eigardel på 4,26 %.

Rekom AS starta opp verksemda si tidleg i 1998. Selskapet skal hjelpe til med omsetning av avfallsfraksjonar som vert samla inn for

attvinning, og å forhandla for å oppnå så gunstige vilkår som mogleg for omsetning av avfallet.

Omsetninga i 2010 var på om lag 363 millionar kroner. Totalt vart det omsett 573 000 tonn avfall. Dei største fraksjonane var restavfall til energiutnyting, hushaldspapir og bølgjepapp til materialattvinning, og trevirke.

Styret si årsmelding

Driftsaktivitet

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (morselskapet) sin hovudaktivitet er innsamling og handsaming av kommunalt avfall, tømming av slamtankar og handsaming av avvatna slam.

I tillegg tek selskapet imot avfall frå næringslivet til slutthandsaming ved komposteringsanlegg eller deponi. Selskapet sitt hovudkontor ligg i Fitjar kommune. Verksemda skjer i kommunane Austevoll, Bømlo, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes.

Mengda av innsamla hushaldsavfall på renovasjonsrutene gjekk ned med 4,9 % frå 2009 til 2010, medan hytteavfall auka med 11,7 %.

Næringsavfall innsamla på renovasjonsrutene auka med 10,3 %. Kvar innbyggjar leverte i 2010 417 kilo avfall. Besøket på miljøsentralane auka med 0,6 %. Samla mengder hushaldsavfall (innsamla og levert på miljøsentralane) auka med 5,1 %.

Samanlikna med talet på kundar vart det i 2010 registrert svært få klager. Slik styret ser det, er kundane godt nøgde med selskapet og renovasjonsordninga.

Økonomi

Morselskapet hadde i 2010 ei inntekt på 76,1 millionar kroner og konsernet 179,8 millionar. Resultatet i morselskapet var på 3,3 millionar kroner før avsetjingar til avslutnings- og etterdriftskostnader på 28,1 millionar kroner. Resultat etter det var på minus 24,8 millionar kroner. Konsernet hadde eit resultat på minus 22,5 millionar kroner.

Morselskapet hadde eit underskot på kommunalt avfall på 3,5 millionar kroner. Dette vert dekka av renova-sjonsfondet, som ved årsskiftet var på 5,5 millionar kroner. Fondet vil verta bygd ned dei nærmaste åra.

Slamtømmeaktivitetane hadde eit underskot på 500 000 kroner. Deler av dette vert dekka av tidlegare års overskot på denne tenesta. Slamfondet var ved årsskiftet på minus 360 000 kroner.

SIM har ansvar for å avslutta deponiet på ein tilfredsstillande måte, og for å driva det forsvarleg i minst 30 år etter avslutting. For å dekka framtidige kostnader med dette, har det i mange år blitt sett av midlar. I 2010 fekk selskapet betre kunnskap om behovet og sette av nye 28,1 millionar kroner. Styret meiner SIM er godt budd på framtidige miljøkrav, då eigenkapitalen i selskapet er god.

Styret meiner årsrekneskapen og konsernrekneskapen gir eit rett bilet av SIM og konsernet sine eigneluter og gjeld, finansiell stilling og resultat. Føresetnadene for framleis drift er til stades.

Disponering av underskot

Underskotet på 28,1 millionar kroner i morselskapet vert dekka av selskapet sin eigenkapital.

Finansielle investeringar

SIM sin strategi er å investera med låg til moderat risiko. Frå 2000 og fram til hausten 2010 var om lag 15 % av midlane plassert i

aksjefond og resten i obligasjonar/ pengemarknad. Hausten 2010 vart pengane flytta over i bank for å vera meir tilgjengelege i samband med utbyggingane på Heiane Vest.

Arbeidsmiljø og personale

Ved utgangen av 2010 var det 14,3 årsverk i morselskapet og 88,3 i konsernet. Tre av dei tilsette i morselskapet og åtte i konsernet var kvinner. Sjukefråværet i morselskapet var på 4,3 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær, og styret er ikkje kjent med at noko av fråværet skuldast arbeidstilhøve. I SIM Næring AS var sjukefråværet 4,9 %, i SIM Transport AS 7,4 % og i SIM Tankrenovasjon AS 8,5 %.

Selskapet har som mål at det skal vera likestilling mellom menn og kvinner på arbeidsplassen. Renovasjonsbransjen har tradisjonelt vore mannsdominert. I eit forsøk på å motverka dette oppmodar selskapet kvinner om å søkja ved utlysing av nye stillingar.

Selskapet sine bygningar, anlegg og uteområde er forsøkt utforma i tråd med krava om universell utforming i plan- og bygningslova. Selskapet sin nettstad og informasjonsblad er forsøkt utforma med tanke på blinde og svaksynte lesarar. Selskapet arbeider i personalsamanhang aktivt for å motverka diskriminering, særbehandling og trakkassering.

Ytre miljø

Sigevatn, grunnvatn og overflatevatn vart overvaka i

tråd med miljøstyresmaktene sine retningsliner og prøvetakingsprogram. System for oppsamling av deponigassar er installert, og innsamla gassar vert avfakla.

Sigevatnet hadde i 2010 lik karakter som året før. Totalutsleppet var om lag som i 2009. Enkelte parametrar var anten høgare eller lågare, men dette skuldast naturlege variasjonar. Nivået av tungmetall og organiske miljøgifter var ikkje høgt i sigevatn eller sigevassement. Nivået av metall i sigevatnet låg på same låge nivå som dei føregåande åra.

Selskapet har faste aktivitetar for å halda skadedyr borte frå fyllplassen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og aktivitetar som kan gje lukt i nærområdet vert følgt opp.

Konsern

SIM-konserten består av fire selskap; Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, SIM Nærings AS, SIM

Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS. Morselskapet Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS har sin hovedaktivitet knytt til kommunal renovasjon og slamtømming. SIM Nærings AS er 100 % eigd av SIM og har drift av avfallsordningar for næringslivet som hovedaktivitet. SIM Transport AS er 100 % eigd av SIM Nærings AS og utfører transporttenester innan avfallsområdet. SIM Tankrenovasjon AS er 64 % eigd av SIM Nærings AS og tilbyr suge- og spyletenester, røyrispeksjon, røyrfornying, slamtømming og innsamling av farleg avfall.

Framtida

SIM er i ferd med å byggja omlasteanlegg og miljøsentral på Heiane på Stord. Arbeidet byrja i 2009. Etter planen skal omlasteanlegget opna i august 2011. Fram til anlegget kan takast i bruk, vil restavfallet bli lasta om i Svartsmoget. Miljøsentralen skal stå ferdig hausten 2011. Også på Bømlo skal det byggjast miljøsentral, men denne må venta til anlegga på Stord er ferdige.

I samband med utbyggingane på Heiane, må selskapet investera mykje i utstyr. Tilbodskonkurransar for dette vert kunngjort etter tur våren 2011. Før årsskiftet 2011/2012 må det inngåast ny kontrakt på slamtømming. Arbeidet med dette er i gang.

Selskapet sitt beste overslag for framtidige kostnader til avslutting og etterdrift er 35 millionar kroner. Dette beløpet er avsett i selskapet sin balanse. Investering vil bli gjort i nær framtid. Det blir truleg byggjestart på reinseanlegget i 2012.

Gjennom SørVest Varme AS har SIM sidan 2003 arbeidd for å finna ut om det er rett å byggja forbrenningsanlegg i regionen. Det har vore lite aktivitet i SørVest Varme AS i 2010, men selskapet vil bli oppretthalde for å følgja med på rammevilkåra for brenning av avfall.

Styret kjenner seg trygg på at SIM også i framtida kan gje kundane ei god og kostnadseffektiv renovasjonsordning.


Renate M. Klepsvik


Øyvind A. Hardeland
nestleiar


Grethe Barmen


Anne T. Johannessen


Reidunn Aa. Hatlevik
leiar


Rune Sandvik


Svein Nesse


Terje Gilje
dagleg leiar

Driftsmessige tilhøve

Eit endringsår

2010 var på fleire måtar eit uvanleg år. Ein del av mengdetala kan ikkje samanliknast direkte med tilsvarende tal frå tidlegare år. Dette skuldast deponiforbodet, som for SIM sin del kom i kraft 19. april. Sidan den tid har ikkje selskapet kunna deponera brennbart restavfall, men har mått å frakta det til energigjenvinning. Som følgje av dette har mengdene til deponi gått kraftig ned og mengdene til gjenvinning tilsvarende opp.

Affallsmengda

Hentefraksjonane (rest, bio og papir) og avfall frå returpunkta (glas- og metallemballasje) gjekk ned med 1,8 % frå 2009 til 2010, næringsavfall medrekna. Totalt gjekk mengda av hushaldsavfall opp med 5,1 %.

I alt leverte kvar innbyggjar 425 kg avfall. Attvinningsprosenten var 86. Næringsavfall til deponi frå SIM-kommunane gjekk ned 59,4 %. Næringsavfall til deponi frå andre kommunar gjekk ned med 76,9 %. Storparten av nedgangen skuldast at avfallet i staden vart sendt til energigjenvinning.

Miljøsentralane

Talet på kundar som vitja miljøsentralane auka også frå 2009 til 2010. Alt i alt var det 33 780 vitjingar på dei seks miljøsentralane i 2010; 0,6 % fleire enn året før. Det kom inn 9 284 tonn avfall på miljøsentralane, ein nedgang på 1,9 %. Alt i alt kom 35 % av hushaldsavfallet inn via miljøsentralane. Privatkundar som leverer avfall til miljøsentralen betalar om lag ein fjerdepart av det det kostar å driva tilboden.

Hytterenovasjon

Det vert stadig bygd nye hytter i SIM-kommunane og ordninga for hytterenovasjon er under kontinuerleg utvikling. Nye kontinarstader kjem til og kapasiteten på eksisterande lokalitetar vert auka.

I dei største hyttekommunane var det i 2010 tømming to gonger per veke i heile juli og halve august, mot normalt éin gong i veka i sommarhalvåret.

Deponi

I 2010 vart det levert 13 248 tonn avfall til deponiet i Svartasmøget. Dette var 70,7 % ned frå året før, noko som i all hovudsak skuldast deponiforbodet. SIM kontrollerer avfallet visuelt før og etter lossing, og sjekkar kvart 100. lass nøgnare. Ved behov vert det teke prøvar av avfallet.

Vanskar med å skaffa nok vogntog, gjorde at restavfallet ei tid hopa seg opp i Svartasmøget. Løysinga vart å balla avfallet ved hjelp av eit mobilt balleverk henta frå Sverige. Ei tid låg det over 8 000 restavfallsballar på vent i Svartasmøget. I oktober vart 4 400 av dei frakta med båt til energigjenvinning i Sverige. Dei resterande ballane vil bli frakta bort med vogntog.

Trevirke

SIM hadde sommaren 2010 1 000 tonn trevirke på lager. Tilbodskonkuransen på å frakta bort avfallet vart vunnen av Bioplan Norge AS. Dei henta avfallet med båt i oktober månad.

Kompost

Komposteringsanlegget tok imot 3 411 tonn våtorganisk avfall frå SIM-kommunane og 3 103 tonn frå andre kommunar. Komposten som blir produsert i Svartasmøget kan kjøpast ved alle SIM sine miljøsentralar og er eit populært jordforbetningsprodukt. Prisen i 2010 var kr 300 per tonn og salet gav ei inntekt på kr 887 000 eks. mva.

Slamtømming

I 2010 var det tømming av slamavskiljarar for heilårsbustader i Austevoll, og både heilårsbustader og fritidshus i Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. I oktober starta SIM opp eit tilbod om tømming av minireinseanlegg og tette tankar som ikkje har nok med ordinær tømming. Selskapet tok også i bruk eit system for sanntidskommunikasjon mellom kontoret i Svartasmøget og slambilane.

Næringskundar på ruter for hushaldsavfall

Avfall frå næringskundar vert voge og elektronisk registrert ved hjelp av strekkodar på dunkane. I 2010 kom det inn 696 tonn brennbart restavfall, 336 tonn ikkje-brennbart restavfall, 232 tonn papir og 240 tonn bioavfall.

To transportørar

To firma hentar inn bos for SIM. Renovasjon Øst A/S hentar i Austevoll, Kvinnherad og Tysnes, medan SIM Transport AS hentar i Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio.

Plastinnsamling

SIM samla i heile 2010 inn plastemballasje frå hushald i Fitjar. Målet med prøveprosjektet er å finna ut om abonnentane ynskjer plastsortering, og om dei er viljuge til å betala meirkostnaden med å få plasten henta heime hos seg. Vil mange nok det, kan plastinnsamling bli eit permanent tilbod i



Alle skuleklassar som vitjar SIM vert inviterte med på ein teiknedugnad. Hausten 2010 vart fjerdeklassen ved Skarveland skule i Kvinnherad kommune trekt ut som vinnar. F.v.: Mona Kortila (lærar), Benjamin E. Skarveland, Peter Holmedal, Joakim Heimvik, Silje Chrestine E. Skarveland, Synne Marie L. Handeland, Camilla F. Dehli, Ingrid Elmina Fiskerstrand og Miriam Hasan. Fremst sit Martha Saghaug.

SIM-kommunane. Plasten vart henta inn ein gong i månaden. Første halvår var tilbodet kostnadsfritt for alle. I andre halvår gjekk ein over på ei abonnementssordning. Dei som då ville vera med, måtte betala eit gebyr. 8 % av abonnentane gjorde det. SIM held fram prøveprosjektet i 2011, for betre å kunna vurdera om plastinnsamling skal bli ei permanent ordning.

Ryddedugnad

Ryddedugnaden som er tufta på SIM sitt miljøfond vart i 2010 gjennomført i alle SIM-kommunane. Tiltaket er vorte populært, og mange innbyggjarar tok oppmodinga om å enga-sjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune. SIM har fått ordna opp i mange forsøpla område, og ei rekke saker er under arbeid.

Informasjon

SIM-nytt, sentralbord, tømmekalenderen, Internett og pressemeldingar var dei viktigaste informasjonskanalane for SIM i 2010.

Alle huseigarar og verksemder mottok fire utgåver av SIM-nytt. Alle hytteabonnentar fekk tilsendt eit hytte-SIM-nytt ved påsketider. Tømmekalenderen vart sendt ut som eiga postsending i desember. I samband med slamtømming i kommunane Austevoll, Fitjar og Tysnes vart det sendt informasjonsblad til abonnentane. "Rammekjøring og utfordringar", informasjonsarket som går til administratorar og politikarar i SIM sine eigarkommunar, kom ut éin gong.

Prøveprosjektet på innsamling av plastemballasje i Fitjar kravde mykje ressursar på informasjonssida, både på slutten av 2009 og i 2010. Det vart

sendt ut informasjonsskriv til abonnementane og prosjektet vart kunngjort i avisar og på nettsider.

Det var 11 utgåver av Stuttnytt, SIM sitt internblad. Stuttnytt ligg på ei passordbelagt nettside som alle tilsette og styra i konsernet har tilgang til.

Skuleprosjektet

986 skuleelevar og lærarar var i Svartasmøget for å læra om kjelde sortering, attvinning og berekraftig utvikling. Dette er det høgaste besøkstalet selskapet har hatt sidan oppstarten av skuleprosjektet i 2003. SIM betalar reisa for skuleklassane.

Andre tilskotsordningar

28 søknader om tilskot til kjøp av tøybleier vart godkjende. Det vart gjeve tilskot til loppemarknader og til firmaet Open Heart, som driv eksport av brukte klede til Aust-Europa.


Avfallsmengder

Mengda av hushaldsavfall i SIM-kommunane auka med 5,1 % frå 2009 til 2010. Næringsavfall gjekk ned med 29,4 %.


I alt mottok SIM 24 615 tonn hushaldsavfall frå medlemskommunane. Attvinningsprosenten var 86, mot 51 i 2009, 52 i 2008, 57 i 2007, 52 i 2006, 54 i 2005, 47 i 2004 og 48 i 2003. For fraksjonane rest-, bio- og papiravfall, og glas- og metallbalasje var det ein nedgang på 2,8 % samanlikna med 2009.

I statistikken over avfallsmengd er det berre teke med avfall som SIM mottok for handsaming. Tala er justerte for rettast mogeleg deling av hushalds- og næringsavfall.

Avfall henta heime hos folk:



Til saman: 14 013 tonn




Resultat frå avfallskontrollar av restavfallet (i %):

Fraksjon	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Papp/papir	9,8	7,8	8,9	7,0	10,5	9,3	8,0	10,0	9,3
Plast	11,6	16,8	15,9	15,9	19,7	11,3	21,6	29,0	20,0
Matrestar	11,4	14,3	21,0	19,4	13,2	17,6	11,4	11,2	16,0
Bleier/bind	16,4	11,4	7,5	16,9	12,2	2,8	12,7	5,8	7,0
Anna brennbart	33,1	26,1	29,7	21,3	28,5	39,6	25,0	26,0	28,7
Glas	4,0	4,7	3,7	4,9	5,0	7,5	3,4	4,0	4,6
Metall	3,9	5,2	3,2	4,7	3,2	3,4	3,0	3,3	4,0
Anna ikkje brennb	5,2	10,2	4,0	5,8	4,1	5,4	10,6	6,7	6,4
EE-avfall	0,8	0,7	1,6	1,4	1,5	1,2	0,2	0,6	0,5
Farleg avfall	0,6	1,0	1,2	0,7	0,8	0,3	0,8	0,8	0,5
Finstoff	3,6	1,1	3,4	2,0	1,3	1,6	3,4	2,6	3,0

Note: SIM kontrollerer med ujamne mellomrom restavfallet. Ved kontroll vert innhaldet i eit tilfeldig utval avfallsdunkar kontrollert for å sjå om abonnementane sorterer i tråd med retningslinene. Med uttrykket «farleg avfall» reknar ein heile produktet, medrekna emballasje, ikkje berre den delen av produktet som faktisk er farleg.

Samla avfallsmengder som SIM tek hand om, medrekna heimekompostering (i tonn):



Note: Tala omfattar ikkje t.d. bilvrak og panteordningar for boksar og flasker.

Attvinning

Avgall vert attvunne på tre måtar:
Ombruk, materialattvinning og energiutnytting.

Ombruk

Me kallar det ombruk når folk tek i bruk gjenstandar andre har kvitta seg med. Døme er syklar, møblar, sportsutstyr, kvite- og brunevarer og klede.

Materialattvinning

Når avgall vert brukt som råstoff i nye produkt, vert det kalla materialattvinning. Døme er papir (de-ink) som blir til nytt papir til bruk i aviser/magasin.

Energiutnytting

Når avgall vert brukt som energikjelde, kallar ein det energiutnytting. Døme er når restavfall vert brent og nytta til oppvarming.

I 2010 vart 86 % av hushaldsavfallet som SIM mottok frå medlemskommunane attvunne. I tillegg kom avgall som vart samla inn gjennom dei landsomfattande retuordningane. SIM har ikkje tilgjengeleg statistikk for desse ordningane, som m.a. femner om pant på boksar og flasker, og EE-avgall som blir levert direkte til forhandlar av slike produkt.

Heimekompostering


17 prosent av abonnentane komposterer bioavfallet sitt heime, om lag som i 2009. Totalt er det 3 171 registrerte bingar. I tillegg kjem 751 kundar som deler bingene med andre. Abonnentar som komposterer heime, slepp å betala for biodunk og bioposar, dei produserer sitt eige jordforbetringsmiddel, og dei treng ikkje reingjera og setja ut biodunken.

Om kvar innbyggjar produserer 90 kilo bioavfall i året, vart det i 2010 heimekompostert 882 tonn avfall.

Deponioperatør Kristoffer Vik (t.v.) og ballerioperatør Roger Evertsson framom maskinen som balla restavfall i Svartasmøget store delar av andre halvår 2010.



Hushaldsavfall til attvinning (i tonn)



Vognoga som skulle frakta restavfall til energigjenvinning, var ofte i Svartasmøget den første tida etter at deponiforbodet kom i kraft. Seinare kom det ingen bilar og avfallet måtte ballast og mellomlagrast.



Renovasjonsgebyr

Renovasjonsgebyret som kundane betalar er ein kombinasjon av dunkgebyr (ca. 70 %) og abonnementsgebyr (ca. 30 %).

Dunkgebyret er likt i alle medlemskommunane. Abonnementsgebyret ut frå SIM er også likt. Likevel betalar kundane ulikt for renovasjons-tenestene. Årsaka til dette er at kommunane legg på abonnementsgebyret for å dekka sine utgifter med renovasjonsordninga. Påslaget varierer frå kommune til kommune.

Også for hyttekundar er renovasjonsgebyret i utgangspunktet likt. Årsaka til at betalingssatsane likevel varierer, er den same som over.

Alt i alt er det SIM, og ikkje kommunane, som tek den økonomiske risikoen med endringar i avfallsmengda.

Målet med gebyrordninga

Målet med gebyrordninga er å få mindre avfall og meir attvinning. Det er i tillegg eit mål for SIM å ha likt renovasjonsgebyr i medlemskommunane.

Gebyra skal dekkja alle kostnadene med renovasjon/slamtømming i kommunen; både SIM sine utgifter og kommunen sine. Det er kommunestyret som fastset gebyret i sin kommune.


Abonnentane kan spara gebyr ved:

- å laga mindre avfall, slik at ein treng mindre dunkar og sjeldnare henting
- å heimekompostera våtorganisk avfall
- at fleire abonnentar går saman om å dela dunkar (naboar eller burettslag)

Dette går gebyret ditt til

(Rekna ut frå eit snittgebyr på 2006 kroner i 2010)

- | |
|-------------------------|
| Innsamling |
| Eigenkostnad SIM |
| Miljøsentralar |
| Slutthandsamingsavgift |
| Sluttbehandling brensel |
| Eigenkostnad kommunar |
| Meirverdiavgift |




Gjennomsnittleg renovasjonsabonnement i 2011 (i kr, inkl. mva):

(gebyrinntekt til kommunen delt på abonnentar)




Renovasjonsgebyr fritidsbustad i 2011 (i kr, inkl. mva):






Stadig flere typer avfall vert klassifisert som farleg. Også vinylgolv og vinylgolvlister produsert før 2000, viser Ellen Helland ved miljøsentralen i Svartasmøget.

Slamtømmegebyr for heilårshus i 2011 [i kr, inkl. mva]



Kommunalt abonnementsgebyr for hus i 2011 [i kr, inkl. mva]





SIM Næring AS

Føremål

Å tilby bedrifter og næringsliv i Sunnhordland og på Haugalandet eit heilskapleg tilbod innan avfallshandtering.

Bilar

3 komprimatorbilar som kører næringsruter i Sunnhordland (restavfall, papir og bio).
1 skapbil som hentar farleg avfall.
3 servicebilar, 2 sorteringsmaskinar og 3 truckar.

Omsetning og resultat

Omsetning: 66 mill. kr.

Resultat før skatt: 3,44 mill. kr.

HMT

Sjukefråvær: 4,9 %.

1 % var kortvarig, 3,9 % langvarig.

Ingen hendingar påførte tredjeperson materielle skader.

Skipingsår: 1997.

Eigarstruktur:

Heileigd datterselskap av SIM.

Tilsette: 19.

Styret



Terje Gilje,
leiar



Ragna Flotve



John Martin
Mjånes



Annbjørg Skjerve



Magne Rommetveit



Dagleg leiar Jan Olaf Bommen er nögd med at SIM Næring AS tok nye kundar både på Haugalandet og i Hardanger i fjor. Kundetilhøvet byrjar ofte med at selskapet får hand om det farlege avfallet. Seinare vitt det på seg med andre fraksjonar.

Klarte seg godt gjennom utfordrande år

SIM Næring AS klarte seg godt i 2010, sjølv med mindre å gjera hos storkunden Aker Stord AS.

- Me er rimeleg nögd med fjaråret, seier dagleg leiar Jan Olaf Bommen. - Naturlegvis merka me at Aker Stord AS hadde redusert aktivitet, men me kompenserte med å ta nye kundar.

Styret i SIM Næring AS budsjetterte med 69 millionar kroner i omsetning i 2010. Alt ved utgangen av januar var det klart at det ikkje ville gå. Årsaka var redusert aktivitet i næringslivet og frost og snø som gjorde det vanskeleg å driva effektivt. Budsjettet vart justert ned. Utetter året tok aktiviteten seg opp, og ved årsskiftet 2010/2011

var omsetninga kome opp i 66 millionar kroner. Resultatet på 3,44 millionar før skatt var omtrent som rekna med.

Aukar på Haugalandet

SIM Næring AS si satsing på Haugalandet og Odda har byrja å gje resultat.

- På Haugalandet tok me nye kundar kvar veke, og avtalen med Aibel vart fornya. I Odda utvikla kontrakten med Boliden seg positivt. I den regionen har me no hand om dei fleste næringskundar og er næraast aleine på farleg avfall, seier Bommen.

Når ein først er etablert i eit område, er det naturlegvis viktig å få med flest mogeleg kundar. Til fleire, til betre

logistikk og reinare fraksjonar. Slikt gjev auka inntening. Men ekspansjon fører gjerne til prispress.

- Spesielt på Haugalandet ser me dette. Etter kvart som me tek nye kundar, svarar konkurrentane med å setja ned prisane. Det må me leva med i ein periode. I Sunnhordland er det lite endring i konkurranse situasjonen, anna enn at nokre tidlegare kundar har gått inn på landsdekkande avtalar med Veolia eller Ragn-Sells.

BA-avfall veks

Marknaden for bygg- og anleggsavfall veks. Styresmaktene fokuserer på BA-avfall og bygningsbransjen får strengare krav til avfallsbehandling. SIM Næring AS har posisjonert seg i så måte. Selskapet er godkjent for miljøkartlegging og arbeider aktivt i fora for miljørett behandling av BA-avfall.

Samarbeidet med datterselskapa SIM Transport AS og SIM Tankrenovasjon AS har vore godt.

- SIM Tank gjev oss ei føremon som totalleverandør. Slam, olje, krok og lift – me tilbyr heile pakken.

Etableringa på Sund på Karmøy er i sluttfasen. Planen er å kunna ta i mot restavfall før 1. mai. Bygget er bortimot ferdig og sorteringsmaskin kjøpt inn. Når SIM sine anlegg på Heiane vert tekne i bruk, vil SIM Næring AS få større nærliek til mottaksanlegga. Det vil gje selskapet meir effektivt, trur Bommen.

Folk trivst i selskapet

SIM Næring AS hadde lågt sjukefråvær i fjor. Ingen hendingar førte til fråvær.

- Det ser ut til at folk trivst på jobben. Ingen har slutta. Eg meiner me har eit godt arbeidsmiljø, seier Bommen.

- I fjor antyda du at det kunne bli oppseilingar i 2010. Korleis gjekk det?

- Me måtte seia opp ein person som følge av låg aktivitet siste del av 2009 og første del av 2010. Men utpå året var vedkomande attende i våre rekker.


Godt år i vente

Jan Olaf Bommen trur 2011 blir eit godt år for SIM Næring AS.

- Starten på året har vore positiv. Industrien utviklar seg positivt og har mange spennande prosjekt på gang. Me er mindre avhengige av Aker enn før og fått innpass hos andre, store verksemder. Kjøpekrafta er på veg attende hos folk. Det vil gje auka aktivitet i butikkar og shopingsenter, med trong for miljørett avfallsbehandling som følge.

Med ein stabil, kunnskapsrik og fleksibel arbeidsstokk står selskapet godt rusta for framtidige utfordringar.

Sortering av skrapmetall på SIM Næring AS sitt område på Eldøyane.





SIM Transport AS

Føremål

Å tilby private og verksemder i Sunnhordland, på Haugalandet og i Bergensområdet transportløysingar innan avfalshandtering.

Tal bilar

13 komprimatorbilar som kører restavfall, bioavfall og papir.
1 liftbil til mindre konteinarar.
8 vognsett til større konteinarar.

Omsetning og resultat

Omsetning: 51,1 mill. kr.
Resultat etter skatt: 181 000 kr.

HMT

Sjukefråvær: 7,4 %.
0,9 % var kortvarig, 6,5 % langvarig.
Ingen arbeidsulukker medførte fråvær.
Ingen hendingar påførte tredjeperson skader.

Skipingsår: 2001.

Eigarstruktur: Heilegd dotterselskap av SIM Næring AS.

Tilsette: 39.

Styret



John Martin
Mjånes, leiar



Jan Olaf
Bommen



Bente Steinsland



Jan Innvær
(frå dei tilsette)

Snudde trenden

For første gong på lenge tente SIM Transport AS i fjor pengar.



Daglig leiar Nils Magne Helle.

I bergensområdet var det mindre køyring enn før, sjølv om selskapet i ein periode på våren køyrde næringsavfall i Bergen. Seinare på året forsvann de-ink'en (papiret).

På tampen av året fekk SIM Transport AS avtale om å køyra restavfall frå SIM til BIR i Bergen, ein jobb som går inn i 2011. Selskapet tente også pengar då restavfall i ein travel periode vart frakta frå Svartasmøget til Fitjar, for vidaretransport med båt til energigjenvinning i Sverige.

Redusert sjukefråvær

Lukkelegvis slapp me oppseiningar. Selskapet klarte å behalda både folk og aktivitet, sjølv om me altså måtte finna arbeidet andre stader.

Sjukefråværet gjekk kraftig ned frå året før. Korttidsfråværet var under 1 %.

Mitt inntrykk er at folk trivst. Det er god stemning i selskapet og stabilitet mellom sjåførane, som har fått meir forutseieleg arbeidstid. Alle er i turnus- og skiftordningar og har oversikt over ferie og avspaseringsveker.

Nils Magne Helle meiner SIM Transport AS står godt rusta for framtida.

Me har no fått organisasjonen slik me vil ha den og har ikkje planar om endringar. Utfordringa i 2011 blir å tilpassa drifta til utviklinga i avfallsbransjen, med stadig fleire fraksjonar og meir langreist avfall på krok og lift. Får me det til, ser eg lyst på framtida, sluttar dagleg leiar Nils Magne Helle.

- Det var venta at 2010 ville bli eit tøft år. Selskapet mangla driftskompetanse, hadde dårlig oversikt på distanse- og tidsbruk på eksisterande kontraktar og mangelfullt system for førebyggjande vedlikehald av maskinar og utstyr.

- Gjennom omstilling, endring og tilpassing klarte me etter kvart å få kontroll på produksjonen. På slutten av året byrja me sjå effekt av tiltaka, og eg trur vinsten vil bli endå større i 2011, seier dagleg leiar Nils Magne Helle.

Omsetninga i 2010 var på 51,1 millionar kroner, tomtesal medrekna. Overskotet etter skatt var på 181 000 kroner.

Nye marknader

Det som prega selskapet mest i fjor, var at det var mindre å gjera hos storkunden Aker Stord, som opplevde ordretørke og hadde mindre trøng for avfallsbehandling. I heile Sunnhordland var det mindre å gjera på krok og lift. Det gjorde at SIM Transport AS måtte ut av SIM-området for å finna arbeid.

Selskapet fann ein strategisk samarbeidspartner i Transportsentralen Nord-Rogaland (TNR). Dei to verksemdene utveksla gods, og klarte i fellesskap å utnytta materiell og utstyr på ein god måte. Samarbeidet byrja i juni og Helle seier han vil vidareutvikla det i 2011.

Starten på året var tung. Snø og frost gjorde at me drog på oss meir kostnader enn normalt. Ein streik mellom fyrbøtarane ved forbrenningsanlegget i Rådalen påførte oss ei tap på 300 000 kroner.



SIM
Tankrenovasjon AS

Føremål

SIM Tankrenovasjon AS tilbyr næringstliv og private på Haugalandet og i Sunnhordland slamtømming, innsamling av farleg avfall og suge- og spyletenester.

Tal bilar

3 tørrsugarar, 3 spylebilar, 3 slamsugarar, 2 ADR-bilar for oljehaldig avfall, 1 kamerainspeksjonsbil, 1 skapbil til røyrfornying og 1 krokbil.

Omsetning og resultat

Omsetning: 29,28 mill. kr.

Resultat før skatt: 2,13 mill. kr.

HMT

Sjukefråvær: 8,5 %.

5,1 % var kortvarig, 3,4 % langvarig. Ingen arbeidslukker medførte fråvær. 1 hending påførte tredjeperson materielle skader.

Skipingsår: 2007.

Eigarstruktur: Datterselskap av SIM Næring AS (64 %) og Enviro Invest AS (36 %).

Tilsette: 16.

Styret



Terje Gilje,
leiar



Jan Olaf
Bommen



Reidar Isdal



Reidunn Aasheim
Hatlevik

Eit år på det jamne for SIM Tank

Etter to år med stor aktivitet på reingjering av oljeplattformer, vart 2010 eit år meir på det jamne for SIM Tankrenovasjon AS.

– Omsetninga på 29 millionar kroner var ein million ned frå rekordåret 2009. Resultatet på 2,1 millionar er me likevel nøgd med, seier dagleg leiar Bent Johan Jacobsen.

Det var fleire grunnar til nedgangen. SIM Tank hadde ikkje dei store klassingsjobbane på oljeplattformer, berre nokre mindre jobbar. Septiktømminga i Karmøy kommune kom tregt i gang. Frost og store mengder snø gjorde at og tørrsugarbilane vart ståande i ro i tre månader. Først i april normaliserte situasjonen seg.

Andre typar jobbar

På den andre sida hadde selskapet andre typar jobbar som gav god inntekt. I Odda vart ei mil med offentlege kloakkryr inspisert. Jobben tok tre veker med spylebil og kamerabil. Då Statoil hadde revisjonsstopp på Kårstø i august, gjekk det natt og dag med både tørrsugar, kamerabil og to spylebilar i ei vike. SIM Tank vart i 2010 godkjent i Achilles-registeret som leverandør for oljeindustrien, ein føresetnad for å inngå avtalar med selskap som Statoil.

Arbeidet med røyrfornying i Rogalandsgaten Borettslag i Haugesund kom i gang i november og vil pågå til april 2011. Alle botnleidningar og røyrstammer opp i dei 32 bueingane skal fornyast. Jacobsen reknar med at det også i 2011 vil dryppa oppdrag frå Westcon i Ølen, som er den store kunden på båt- og plattformvedlikehald.

Septikbil og krok-tank

SIM Tank investerte ein del i nytt utstyr i fjor. Det vart kjøpt inn septikbil med hengjar til 3,5 millionar kroner. Den skal tömme septik på Karmøy, men kan også brukast til mindre spylejobbar. Vidare vart det kjøpt



Daglig leiar Bent Johan Jacobsen.

ein 22m³ krok-tank for lagring av septik og oljeavfall. Den har vore uteleigd til Westcon i Ølen frå første dag.

